

---

**Fra:** noreply@regjeringen.no  
**Sendt:** 10. mai 2016 13:17  
**Til:** postmottak SD  
**Emne:** Nytt hørings svar til 16/485 - Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029

**Referanse:** 16/485  
**Høring:** Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029  
**Levert:** 10.05.2016 13:16  
**Svar type:** Med merknader  
**Kontakt avsender:** Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane  
**Kontaktperson:** Harald Ekroll  
**Kontakt-e-post:** harald.ekroll@enivest.net  
**Tittel:** Uttale til nasjonal transportplan - fylkesrådet for eldre i sogn og fjordane

**Uttalelse:**

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane har fylgjande innspel til Nasjonal Transportplan 2018 – 2029:

- *Det må leggest stor vekt på universell utforming. Ha spesielt fokus på fortauskantar på busshaldeplassar i høve til innstiging på bussar, der det må vere lettast mogleg innstiging.*
- *Der det vert planlagt veg må det også planleggast gang- og sykkelveg. Utbygging må skje samstundes. Vi meiner dette er eit godt folkehelseiltak og i tillegg eit lite bidrag til det «grøne skifte». Fleire kan gå eller nytte sykkel i staden for bil. Dette vert meir aktuelt då fleire tek i bruk El-syklar.*
- *Målet må vere at det offentlege vegnettet er sikra mot ras innan 2030. Det vil krevje ei årleg løyving på 3,4 mrd. Middels og høg ramme i NTP er lagt inn med 1.9 mrd. årleg. Med å auke ramma opp til Nasjonal rassikringsgruppe si innstilling vil naudsynte rassikringstiltak komme langt tidlegare til realisering.*
- *Vask av tunnelar og kvitmaling av tunnelvegger er eit viktig bidrag som trafikkisikringstiltak. Dette må også ha høg prioritet.*
- *Naudnett må byggast ut i alle tunnelar over 500 m. Dette betyr mykje for tryggleiken til den enkelte bilist.*

**Vedlegg:** -